

# ESPEN Congress 2016

København, Danmark 16-20. september 2016

Ein reiserapport av Kaia Hevrøy Waage

Først og fremst takk til NSE-fondet for støtta som gjorde det mulig for meg å delta på Espen Congress 2016. Kongressen vart arrangert i København, Danmark i samarbeid med Norge med tittelen “ESPEN congress on clinical nutrition & metabolism”. Kongressen føregjekk over 4 dagar, men det vart arrangert Life Long Learning (LLL) kurs også dagen før kongressen offisielt vart opna.

Fredag 16. september gjennomførte eg LLL-kurset “Nutritional support in Cancer”. Kurset tok særleg for seg i kva grad ein kan forebygge og behandle kakeksi. Kurset vart avslutta med ein eksamen.

Lørdag 17. september starta med sesjonen “The Diversity of Obesity” som inkluderte forelesninger om underernæring ved fedme, og forslag til korleis me kan diagnostisere underernæring hos pasienter med fedme. Samt korleis hjernen påvirker ulike pasienters evne til livsstilsendring og matvare valg. Etter dette var eg på sesjonen “Taste preferences and palatability”.

Søndag 18. september starta med sesjonen “Consequences of Bariatric surgery”. Her fikk vi presentert ny forskning på vitamin- og mineral status i etterkant av bariatrisk kirurgi. Studier gjennomført antyder at pasienter er i større risiko for mangel på vitamin D, sink, kalsium og selen også etter sleeve gastrectomy. Deretter vart endringer i mikrobiota etter bariatrisk kirurgi belyst. Eit svær interessant tema, som det nok vil blir forsket meir på i framtida. På ettermiddagen fikk eg med meg dei siste oppdateringar innen reternæringssyndrom, samt Fresenius Kabis satellitt symposium om protein i ernæringsbehandling.

Mandag 19. september deltok eg på forelesning “Nutrition, Microbiota and health”, som hadde særlig fokus på korleis fødsel og keisersnitt, samt ernæring i første leveår påvirker barnets mikrobiota. Deretter fikk er med meg den årlige Arwind Wretlind Lectrue om “The Gastrointestinal Tract in Stress”.

Tirsdag 20. september, og siste dag på kongressen, vart avslutta med forelesning om “Appetite Control” og forelesning og diskusjon om dei nye “ESPEN Guidelines for Kirurgi og Inflammatorisk Tarm Sykdommer”.

Oppsummert har kongressen gitt meg ei god oppdatering på fleire faglige områder.